



## Referat for kommunemøte torsdag 19. mars

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Kommunane i Vestland, Fylkesmannen, Helse Bergen, Helse Førde og Vestland fylkeskommune

### 1. Informasjon/presiseringar

Nytt telefonmøte med kommunane førstkommande måndag 23. mars kl. 14.30. Av praktiske årsaker ber vi om at kommunane ringer/koplar seg opp i møtet seinast klokka 14.15.

Det er flott at kommunane nyttar Fylkesmannen og stiller spørsmål. Vi svarar så fort vi kan. Vi brukar litt lenger tid på å svare på enkelte spørsmål fordi vi må klarere svara med andre instansar før vi kan svare kommunen. Vi ber om at beredskapsadressa [fmvlberedskap@fylkesmannen.no](mailto:fmvlberedskap@fylkesmannen.no) vert nytta når de har spørsmål.

### 2. Møte i fylkesberedskapsrådet

Det har vore møte i Fylkesberedskapsrådet i dag, torsdag 19.mars. Frå dette møtet vil vi vidareformidle ei tilbakemelding frå Nav. Dei jobbar intenst med å behandle store mengder søknadar om dagpengar. Nav flyttar no resursar til kritiske posisjonar for å kunne ta unna søknadane. I kjølvatnet av krisa reknar Nav med at det vil kome press på sosialstønadsutbetalingar.

### 3. Rapporteringsrutinar

Fylkesmannen rapporterer til DSB og Helsedirektoratet kvar tysdag morgon. I tillegg vert vi oppmoda om å sende såkalla avviksrapportar tre gonger i veka.

Fylkesmannen legg ikkje opp til fast rapportering frå kommunane per no. Vi oppmodar om at kommunane har ein låg terskel for å rapportere om situasjonen, og særleg rapportere på avvik. I tillegg kjem det jamlege krav om sektorrapportering frå t.d. utdanning. Desse krava vert formidla til kommunane.

Vi ønskjer at kommunane helst rapporterer gjennom å bruke delingsfunksjonen i CIM. Ta kontakt viss de treng rettleiing.

### 4. Administrative avklaringar

#### Administrative fristar

Vi har fått spørsmål om høve til å få utsett rapporteringsfristar og fristar for å sende inn søknadar grunna stor arbeidsbelastning. Vi kan berre uttale oss om fristar hjå Fylkesmannen. Det er stor forskjell på behovet i kommunane og innan dei ulike saksområda. Vi har ikkje oversikt no til å kunne gje generelle utsetjingar. Den einskilde kommune må vurdere om dei har eit reelt behov, og ut frå det søke om utsetting, og så ser vi med velvilje på slike søknader ut frå situasjonen og ut frå behovet fristen dekkjer



### Særskilt om Plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova har fristar for handsaming av kommunale planar og byggesaker. Vi har fått innspel på at den spesielle situasjonen kommunane no opplever kan resultere til at ein ikkje klarar å halde desse fristane med m.a. tilhøyrande økonomiske konsekvensar. Vi ser at dette kan vere ei problemstilling som fleire kommunar opplever og har sendt problemstillinga vidare til KMD. Vi vil kome med meir informasjon så fort vi får tilbakemelding frå departementet.

## **5. Søndagsopne butikkar**

Fylkesmannen har fått inn søknad om søndagsopne butikkar for å avgrense risikoen for smitte og har teke dette opp med Barne- og familiedepartementet. Departementet har sagt nei til førespurnader om vanlege daglegvarebutikkar (større enn 100 m<sup>2</sup>) kan halde sundagsope på grunn av koronasituasjonen:

*«Departementet har derfor kommet til at det for tiden ikke er grunnlag for å gjøre unntak fra helligdagfredlovens bestemmelser om åpningstidsbegrensninger, som følge av Korona-epidemien. Dersom situasjonen skulle endre seg vesentlig, vil den skjønsmessige hjemmelen i § 5 sjuende ledd kunne anvendes til å gi unntak i enkelttilfeller, dersom det viser seg nødvendig og velbegrunnet.»*

Fylkesmannen har på bakgrunn av denne fråsegna avslått Rema 1000 sin søknad om søndagsopne butikkar. Dette er ikkje til hinder for å søkje dersom det føreligg konkrete grunnar.

Tilsvarande vurdering gjeld for spørsmål om utviding av areal for søndagsopne butikkar (Brustad-buer).

## **6. Handheving av vedtak**

Politiet har sagt at dei vil prioritere å følgje opp brot på smittevernlova. Dette arbeidet vil i hovudsak skje gjennom førebyggjande arbeid, men i tilfelle kor det er klare brot på smittevernlova vil dei kunne straffeforfølgje.

## **7. 17. Mai**

Fylkesmannen har fått nokre spørsmål om planlegging av 17. Mai. Vi står i dag i ein krevjande situasjon med stor uvisse knytt til tida som kjem. Vi meiner difor at verken kommunane eller vi kan bruke tid på å svar på slike spørsmål no.

## **8. Lokale vedtak etter smitteloven § 4-1**

Ein del kommunar har gjort vedtak som legg føringar på ferdsel mellom kommunane i fylket. Vedtaka skapar store vanskar for næringsliv, anleggsarbeid og for offentlege etatar som har delvis kritiske samfunnsfunksjonar og difor ikkje fell tydeleg under unnataksføresegna i vedtaka. Mellom anna hindrar det prestar i å halde gravferder. Fylkesmannen har varsla lovlegkontroll for to av vedtaka. Vi ber andre kommunar om å vente med å gjere liknande vedtak inntil lovlegkontrollen er gjennomført. Kommunane må ikkje praktisere reglane som interneringsreglar, ettersom det vil vere i strid med vedtaka og lovverket.



*Etter møtet vart vi òg merksame på at folkehelseinstituttet rår frå å gjere lokale karantenevedtak, fordi dei har avgrensa effekt, sjå <https://www.fhi.no/sv/smittestomme-sykdommer/corona/meldinger/folkehelseinstituttets-anbefaling-om-lokale-karantener-og-innreiseregler/>*

## **9. Status på opphald på fritidseigedom**

Vi er innforstått med at dette er krevjande for mange kommunar. Vi informerer nasjonale styresmakter om utfordringane og har rapportert om at fleire kommunar ønskjer at § 5 i den nye forskrifta trer i kraft.

Vi er òg informert om at fleire kommunar får stort press frå hytteeigarar som ikkje vil betale kommunale avgifter sidan dei ikkje får vere på hytta. Dette er ein sekundær problemstilling som ikkje bør vektleggast i den situasjonen vi er i no. Assisterande fylkesmann Gunnar Hæreid har òg formidla dette til innbygarane i fylket gjennom media.

*Etter møtet har «hytteparagrafen» blitt satt i kraft, sjå informasjon i sjølve e-posten dette referatet er sendt i.*

## **10. Politiattestar**

Det er to problemstillingar som knyter seg til utskriving av politiattestar.

1. Mange kommunalt tilsette utfører arbeidsoppgåver der ein ikkje vanlegvis treng politiattest. Dette er tilsette som kommunane kunne tenkt seg å bruke i stillingar der det er krav om politiattest. Spørsmålet er korleis skal ein forholde seg til denne problemstillinga og om ein i denne fasen kunne praktisert regelverket på ein anna måte enn i dag.
2. Utfordringar knytt til tida det tek frå ein sender søknad om politiattest til politiattesten kjem.

Problemstillinga knytt til praktisering av politiattest er teke opp med Helsedirektoratet som vil følgje opp saka. Vi har òg sendt spørsmål om behandlingstid på å skaffe politiattestar.

## **11. Fordeling personell og materiell**

Fylkesmannen er kjent med at det byrjar å bli mangel på smittevernutstyr. Vi er kjent med at det vert jobba i dei tre koordineringsgruppene mellom helseføretaka og tilhøyrande kommunar med å sikre ei fordeling av naudsynt materiell. Det er samstundes viktig å understreke at primærhelsetenesta ikkje må nytte utstyr som skal brukast sjukehusa. Her må ein følgje tilrådingane til FHI. Ver nøysame med bruken, men likevel på ein måte som er forsvarleg.

Fylkesmannen har fått i oppgåve å samle inn behov for smittevernutstyr frå kommunane som ei interimsløysing, og sende dette over til Helsedirektoratet. Det er ikkje fastsett korleis ein skal få distribuert utstyret ut til kommunane. Fylkesmannen vil kome tilbake med informasjon om dette så fort ei løysing er på plass.

Det vert jobba med å kartlegge behov for personell, få til rekruttering og oversikt over kva tilgjengeleg personell som kan brukast. Personell må prioriterast og fordelast mellom primær- og sekundærhelsetenesta. Kommunar og helseføretak må samarbeide om dette, og fordele der behovet er størst. Fylkesmannen si oppgåve vert å sjå til at dette vert gjort på ein god måte.



## 12. Smittevernplanar i kommunane

Vi fekk rapportert inn status på smittevernplanar frå kommunane i februar og er gjennom det arbeidet kjent med at dei fleste kommunane har relativt nyleg reviderte smittevernplanar eller har dei under revisjon. Vi ønskjer likevel å trekke fram eit par moment som er særleg viktig at kommunane har planar for (innspel frå Helse Bergen):

- Planar for etablering av ekstra sengekapasitet som kan avlaste sjukehusa, herunder både tal og kategoriar av pasientar som kan takast i mot.
- Planar for overføring av pasientar mellom ulike nivå når inngåtte tenesteavtalar (til dømes tenesteavtale 3-5 for inn og utskrivning av pasientar) blir vedteke opphøyr i koordineringsgruppa

## 13. Presisering frå Helsedirektoratet – apotekpersonell

Apotekpersonell er å sjå på som tilsette i helsetenesta med pasientnært arbeid og skal difor testast for koronavirus på lik linje med anna helsepersonell. Denne klargjeringa kjem fordi det enkelte stader ikkje har vore mogleg for apotekpersonell å få tatt test ved symptom på covid-19.

Vi forventar at alle kommunane følgjer retningslinjer for korleis testing skal gå føre, fastsetting av diagnosar, karantenetider osv. som FHI har fastsett. Viss kommunane har spørsmål knytt til dei nasjonale retningslinjene kan de ta kontakt med Fylkesmannen.

## 14. Høve for å få utlendingar i karantene ut av landet

Tysdag kveld vidareformidla vi eit brev frå Helsedirektoratet om at utlendingar som er i karantene, og som ikkje er sjuke, kan forlate Noreg. Denne avgjersla frå nasjonale myndigheiter kom etter innrapporteringa på status på utlendingar i karantene som vert gjennomført tysdag morgon.

Avgjersla inneber at utlendingar som har kome til Norge frå utlandet og som difor sit i karantene, men ikkje har symptom på smitte, kan forlate Noreg (under ein del føresetnadar).

- Viss ein må nytte offentleg transport for å kome seg til nærmaste flyplass må det skje på ein forsvarleg måte.
- Må sikre god hand- og hostehygiene.
- På flyplassane vil det vere personell frå kommunen som kan kontaktast viss det oppstår problem.
- Dei som nyttar eigen bil kan gjere det, men er sjølv ansvarleg for å sjekke kva grensepasseringsstader som er opne.
- Viss ein ønskjer å forlate Noreg med fly må ein sjølv skaffe gyldig flybillett (direkte fly ut av landet)

Utanlandske statsborgarar som sit i karantene fordi dei har vore i kontakt med smitta i Noreg, må framleis sitte i karantene ut tida.



## **15. Kommunale koronatelefonar**

Helse Førde har kome med ein oppmoding om å etablere kommunale koronatelefonar for å avlaste 113, legevakta, helseføretaka og legesentera. Dette gjeld spørsmål om korona og anna som ikkje gjeld helserelevante plager. Vi ber kommunane tenkje igjennom kva som er mogeleg å få til.

## **16. Status for tvang etter smittevernloven**

Vi har sendt denne problemstillinga vidare til Helsedirektoratet og venter framleis på avklaring. Dersom dette er ein situasjon som oppstår så er det opp til kommunelegen å gjere hastevedtak. I så fall ta kontakt med Fylkesmannen, så skal vi hjelpe dykk.

## **17. Barnevern**

Det er viktig å vere merksame på barn og deira behov. Da særleg barn som er i vanskelege omsorgssituasjonar som kanskje treng meir hjelp når dei ikkje kan vere i barnehage eller skole.

Det er svært liten kapasitet i barnevernsinstitusjonar her i vest no. Ber difor om at nettverkplassering vert vurdert så langt som mogleg ved behov for omplassering.

Bufdir arbeider med ei prioriteringsliste knytt til det kommunale barnevernsarbeidet. Når denne vert tilgjengeleg vil vi vidareformidle den til kommunane.

Vi er kjent med at det har vore gjort ulike vurderingar i skulane og hjå barnevernstenesta knytt til behov for omsorgstilbod no når skulane er stengde. Slik det er det er i dag er det skulane som har mynde til å avgjere kva tilbod desse barna skal få. Vi oppmodar til god dialog mellom skulane og barnevernstenesta.

## **18. Nav-kontor stengde**

Nasjonale mynde har bed oss om å presisere at kommunane må sørge for reell tilgjengelegheit for alle til Nav-kontora. Dette gjeld òg der kommunane har stengt kontora.

## **19. Personar med rus/psykiske lidningar**

Kommunane må ha oversikt over innbyggjarar med ROP-liding og deira rett til tenester. Det er viktig at ein gjere reint utstyr tilgjengeleg. Dette er ei risikoutsett gruppe, både med tanke på å få smitten og å smitte andre. Vi er kjend med at dagtilboda er redusert, og ein må då vere særleg merksam ovanfor denne gruppa.

## **20. Tannhelsetenesta**

Det er viktig å kople på tannhelsetenesta i vurderingane av prioritering av utstyr i kommunane, slik at dei òg får tilgang på det utstyret dei treng for naudsynnte behandlingar.



## 21. Betaling for barnehage og SFO

Det er stadfesta at ingen skal betale for plassen, heller ikkje dei gruppene som får plass etter unntaksføresegna. Dette er for å gjere det enkelt å handtere og pga. varierende kvalitet og omfang. Foreldrebetaling skal frå desse kompenseras i tilskotsordning på vanleg måte.

## 22. Labtenester og testar

Helse Bergen informerer om dei akkurat no er i ein krevjande situasjon når det gjeld å få ut prøvesvar. Per no tek det ca. tre døgn for å få svar på prøvar. Helse Bergen jobbar med å auke kapasiteten for å få ned behandlingstida på prøvebehandlinga.

Øygarden kommune melder om at dei byrjar å gå tom for testsett. Det jobbast med å auke tal testsett, men inntil ein får på plass fleire, må ein nytte koordineringsgruppene til å fordele det utstyret ein har mellom kommunane og helseføretaka.

## 23. Kurs for first responders

Helse Bergen informerer om at dei har sendt invitasjon til kurs for tilsette i brann og redningsetaten i smittevern til kommunane som fell inn under ansvarsområdet til helseføretaket.

## 24. Omsorgsdagar

På måndag informerte regjeringa at det ville kome endringar knytt til omsorgsdagar. Det har ikkje kome nokon skriftlege presiseringar på dette, men det står at dei vil oppdatere artikkel inne på regjeringen.no.

For artikkel om tema på regjeringa.no sjå her: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/rettigheter-ved-stengte-skoler-og-barnehager/id2693355/>

For meir informasjon om tema på Nav.no sjå her: <https://www.nav.no/no/person/innhold-til-person-forside/nyttig-a-vite/sporsmal-og-svar-i-forbindelse-med-koronaviruset>